

Lærling-suksess på Sotra

For andre år på rad
vinn ein ungdom frå
Sotra prisen som
«Årets lærling».

NÆRING: I forrige veke vart Stian Ormevik frå Knappskog heidra med tittelen «Årets lærling» og prispengar på 10.000 kroner. Det er Vestenfjelske entreprenørforening bygg og anlegg (EBA) som står bak prisen, medan juryen er sett saman av personar utanfor EBA. Dei meiner at Stian Ormevik har stått fram som ein «draumelærling» i det halve året han så langt har jobba for NCC Bygg.

Motivert og interessert

– Han viser ein heilt spesiell motivasjon og interesse for faget sitt. Trass i kort læretid har Ormevik allereie utmerka seg svært positivt, heiter det i grunngjevinga frå juryen.

Dei skriv at Stian Ormevik held eit høgt fagleg nivå og er ein ressurs for arbeidsmiljøet, og meiner slik at han viser alle teikn til å bli ein svært god medarbeidar innan bygg og anlegg.

– Stian er verkeleg ein gromgut som medarbeidar og fagleg veldig dyktig, seier direktør Tommy Johansen i entreprenørforeningen til Vestnytt.

Han opplyser at kring 260 ungdommar går i lære hjå medlemsbedrifter i Sogn og Fjordane og Hordaland. Johansen meiner flertalet av desse lærlingane står i skarp kontrast til biletet av «gid-dalaus» ungdom som ikkje kjem seg opp om morgonen. I toppen



Kristoffer Riska, Stian Ormevik frå Knappskog og Christer Røen tok dei tre første plassane i kåringa av «Årets lærling». Foto: EBA

er tevlinga hard om prisen som «Årets lærling».

– Kristoffer Riska og Christer Røen som delte andreprisen er også svært gode kandidatar, så tevlinga er knivskarp, meiner Tommy Johansen.

Sterkt miljø i vest

Christer Røen er elles lærling i forskalingsfaget hjå Brødrene Ulveseth og har slik sett også ein link til Sotra. Stian Ormevik er også lærling i forskalingsfaget og såkalla TAF-elev ved vidaregåande skule. Elevar som tek teknisk allmennfag får både stu-

diekompetanse og sjansen til å ta fagbrev. Det er altså andre gong på rad at ein lærling frå Sotra stikk av med den gjevaste prisen frå EBA. Direktøren er begeistra for det utdanningsløpet ein har laga i Fjell og på Sotra.

– Det er imponerende kva regionen i vest har fått til mellom anna gjennom Gode Sirklar. Når det gjeld skule har dei verkeleg skjont at brei kontakt med elevane må til for at dei tidleg skal finna ut kvar dei har sitt talent, seier Tommy Johansen.

Han meiner at den positive haldninga mellom skule og

næringsliv har spreidd seg til elevane.

Døme for andre

No vonar Johansen at andre regionar ser vestover for å læra av dette samarbeidet. Kontakten mellom skule og næringsliv har for Stian Ormevik sin del ført til at han for tida jobbar med byggeprosjektet «Nordahl Grieg», den nye vidaregåande skulen i Fana bydel i Bergen. Kollegene på anlegget til NCC Bygg er strålende nøgde med den ferske arbeidskameraten.

– Stian er ein fantastisk person,

han er omgjengeleg og tek raskt til seg lærdom. Stian er alltid på hogget med å spørja og delta i planlegginga av arbeidsoppgåver, seier arbeidskameratane i NCC Bygg.

Det har ikkje lukkast Vestnytt å få tak i Stian Ormevik. Etter omtalen å dømma er han truleg travelt oppteken med lærlingjobben.